

## Saksprotokoll

---

**Organ:** Kommunestyret

**Møtedato:** 17.06.2021

---

**Arkivsaksnr.:** 21/3325-4

**Saksnr.:** 56/21

### Saksprotokoll - Språkbruksplan for Sogndal kommune

#### Handsaming:

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:**

1. Språkbruksplan for Sogndal kommune blir vedteken slik han ligg føre med følgjande endring:
2. Endring av fyrste setning i Språk: «Sogndal kommune er ein nynorskkommune og skal, i tråd med krava i språklova, bruke, styrkje og utvikle nynorsken, og bruke eit klart språk.»

#### Habilitet:

#### Endringsframlegg:

Endringsframlegg frå Sosialistisk Venstreparti:

1. Endring av fyrste setning i Språk: «Sogndal kommune er ein nynorskkommune og skal, i tråd med krava i språklova, bruka, styrkja og utvikla nynorsken, og bruka eit klart språk».

Endringsframlegg frå Kristeleg Folkeparti

Språkbruksplan for Sogndal kommune blir vedteken slik han ligg føre med desse endringane

2. Språkbruksplanen: I avsnittet "Mål for språkbruken i kommunen" - andre avsnitt - andre setning: Det skal vera korrekt etter gjeldande rettskriving. (punktum) Stryk: og bør leggja seg så nær opptil talemålet i kommunen som råd, slik det går fram av Retningslinjer for språkbruk i Sogndal kommune.

#### Avrøysting:

Framlegg 1. frå SV fekk 32 røyster. Framlegget vart vedteken. Framlegget vart røysta mot av Munthe Hovland, Fossberg og Sæle frå Høgre, og Hilleren og Selvåg frå Senterpartiet.

Framlegget frå KrF fekk 19 røyster frå Arbeidarpartiet (6), Bøtun, Hilleren, Ruud og Selvåg frå Senterpartiet, Bøyum, Hovland Munthe og Wiggum frå Høgre, Bukve frå SV, Haugen frå Venstre, KrF (2), FrP (1) og MDG (1). Framlegget vart vedteken.

Innstillinga frå formannskapet vart vedteken samrøystes

**Dette gir følgjande vedtak:**

**Rådmannen rår formannskapet til å gje slik tilråding:**

**Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:**

1. Språkbruksplan for Sogndal kommune blir vedteken slik han ligg føre med følgjande endringar:
  - Endring av fyrste setning i Språk: «Sogndal kommune er ein nynorskkommune og skal, i tråd med krava i språklova, bruka, styrkja og utvikla nynorsken, og bruka eit klart språk».
  - Språkbruksplanen: I avsnittet "Mål for språkbruken i kommunen" - andre avsnitt - andre setning: Det skal vera korrekt etter gjeldande rettskriving. (punktum) Stryk: og bør leggja seg så nær opptil talemålet i kommunen som råd, slik det går fram av Retningslinjer for språkbruk i Sogndal kommune.